

RAUMA KOMMUNE

SAKSPAPIR

Styre, utvalg, komite m.m.	Møtedato	Saknr	Saksbehandler
Komite for utredninger	28.01.2010	004/10	GED

Saksansvarlig Gerd Dale	Arkiv: K1- Objekt:	Arkivsaknr 10/163
-----------------------------------	-------------------------------	-----------------------------

FORSLAG TIL VERNEHEIMEL JORDLOVA - HØRING

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel	Vedl.
1	I	11.09.09	Landbruks- og matdepartementet	HØRING - FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVEN	
2	I	30.12.09	Fylkesmannen i Møre og Romsdal	HØRINGSUTTALE TIL FORSLAG TIL VERNEHEIMEL I JORDLOVA	

Saksopplysninger:

Høyringsforslaget er ikkje registrert motteke her i kommunen før vi henta det frå internett etter at repr. Arne Hoem etterlyste kommunen sin uttale.
Det er gitt fleire utsettingar med å gi uttale til 1. februar.

Fylkeslandbruksstyret si handsaming av høyringsforslaget følgjer vedlagt.

INNSTILLING:

*

28.01.2010 KOMITE FOR UTREDNINGER

Det vart sett fram følgjande framlegg til vedtak:

"Rauma kommune stiller seg positive til at det blir arbeidd for å innføre ein heimel for vern av verdfull dyrka jord, slik at dei mest verdfulle og mest utsette matproduksjonsområda i landet kan takast vare på for framtida. Berre ein liten del av det norske landarealet er eigna for matproduksjon, og kommunen ser det difor som viktig at det blir utvida moglegheiter til å verne om dei produktive areala i Noreg. Det må likevel understrekast at det er viktig å halde fram med eit sterkt jordvern også i område som ligg utanfor dei jordvernområda som den nye lovheimelen er foreslått å gjelde.

Rauma kommune meiner at departementet sine framlegg til nærare kriterium for kva areal som kan vere aktuelle for vern er nyttige, og at desse også bør vere så klare som mogleg.


Kommunen stiller seg også positive til at det innanfor eit jordvernområde må ver strengare vern enn utanfor. Oppføring av bygningar og vegar knytt til drift av landbrukseigedomane bør likevel kunne tillatast også i jordvernområda.

Rauma kommune finn det elles positivt at departementet vil syte for naudsynte ressursar dersom ordninga fører til meirarbeid for kommunane.”

KOFU-004/10 VEDTAK:

Det framsette forslag vart samrøystes vedteke som Rauma kommune sin høyringsuttale.

Rett utskrift.



Andreas Hjertviksten
kontorsjef